


# GOD PÅSKE!



*Altartavla i Nesheim kyrkje*

## VAKSDAL PRESTEGJELD

### Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3  
5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Fax 56 59 39 29

E-post: [kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no](mailto:kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no)

### Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30

onsdag kl. 10.30-13.30

### Kyrkjeverje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltilf. 95 97 99 05

E-post: [kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no](mailto:kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no)

### Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltilf. 90 19 65 14

E-post: [soknepresten@vaksdal.kyrkja.no](mailto:soknepresten@vaksdal.kyrkja.no)

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: [fkv@broadpark.no](mailto:fkv@broadpark.no)

### Kapellan Edvard Bø

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltilf. 90 84 06 24

Fax 85 02 45 70

E-post: [kapellanen@vaksdal.kyrkja.no](mailto:kapellanen@vaksdal.kyrkja.no)

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Kantorane Olav Arne Steinkopf og

Tone Synnøve Øygaard Steinkopf

Tlf.kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: [steinkopf@c2i.net](mailto:steinkopf@c2i.net)

### Organist i Eksingedalen og Eidsland

Asbjørn Nese

Tlf. privat: 56 59 59 26

### Telefon til soknerådsleiarar

Stammes: Odd Helland, 56 59 81 33

Eksingedalen: Britt Nese, 56 59 58 12

Felles for Vaksdal, Dale, Bergsdalen og

Nesheim: Ragna Lid, 56 59 89 20

### Samtale med presten


Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

## STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome inn til Kyrkjekontoret  
innan 19.mai. Neste nr. kjem i juni.



## Påskelilja

Sein vår og frost i bakken. I år er det dei færraste som får sjå den gule påskelilja bløme til påske. Men som ein av dei mest trufaste blomane kjem den nok til å spire i år og.

Kyrkjebladet tek mål av seg til å vere like trufast, sjølv om det ofte er ein hard kamp som må til for å få bladet ferdig til trykking i rett tid. Og spørsmålet som kjem att år for år, er dette: Kva meiner lesarane om bladet? Me veit det vert lest av svært mange, men kva meiner lesarane om innhaldet? Ta gjerne ein telefon til kyrkjekontoret om du har synspunkt. Brev og E-post er og velkome. Hjelp oss å forme kyrkjebladet slik at me når så mange som mogleg.

Me ynskjer våre lesarar ei god påskehøgtid.

### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 150,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

#### Bladstyrar:

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret.

#### Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellestråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

#### Eksp. Og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34

5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.

**Retur til:** Kyrkjekontoret for Vaksdal,

Pb. 113, 5721 Dalekvam.

# TA IMOT!

Ta imot velsigninga! Slik seier presten det når han lyser velsigninga utan musikalsk tonefylgje. Kyrkjelyden reiser seg, og presten lyser velsigninga slik Aron lyste den over israelsfolket for meir enn 3500 år sidan. "Herren velsigne deg og vare deg. Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig. Herren lyfte si åsyn på deg og gjeve deg fred."

Herren er ein Gud som velsignar. Herren er ein Gud som gjev. Nåde, kjærleik og tilgjeving. Og velsigning over liva våre. Krev han ikkje noko òg? Som eg hev gjort mot dykk, skal de òg gjere mot kvarandre. Det er teiknet på læresveinane. Men Herren møter oss med djup kjærleik utan atterhald: Ta imot. Slik som han sa til læresveinane då han hadde det siste måltidet saman med dei på Skjærtorsdag.

*"Medan dei heldt måltid, tok Jesus eit brød, takka braut det og gav det til læresveinane og sa: Ta dette og et det! Dette er min lekam. Så tok han ein kalk, takka, gav dei og sa: Drikk alle av den! Dette er mitt blod, paktblodet, som vert utrent for mange til forlating for syndene."*

*Matt. 26. 26-28*

Kom og et. Ta del i eit heilagt måltid. Ta imot. Eg veit at mange vegrar seg mot dette. Eg kan ikkje. Eg veit ikkje om eg trur nok? Eg veit ikkje om eg skjønar dette med nattverden? Det er slike mystiske, vanskelege ord. Eg lever ikkje rett. Eg vil ikkje syna meg fram som noko eg ikkje er.

Atterhald kan vere ein dyd. Men ikkje her. Her er det Herren som gjev seg sjølv. Heile påsken sin bodskap ligg i det

å ta imot dei gåver Herren gjev. Dei er ikkje gjevne for dei prektige og sjølvrettferdige. Var det nokon som Herren viste bort, så var det dei som trudde om seg sjølve at dei hadde alt i orden med sin Gud. I staden lyfte han fram dei som ikkje hadde så store tankar om seg sjølve. Det er for dykkar skuld eg er komen. Det eg gjev er gratis, berre nåde. Ottast ikkje! Opne hendene dykkar og eg gjev mitt liv i dykkar hender.



Jamvel over dei som spikra han til krossen, kunne han ause av sin kjærleik. Far, tilgjev dei. For dei veit ikkje kva dei gjer. Om vi då sviktar og svik, so har ein Peter gjort det same og funne nåde hjå Gud. Jesus held oss fast

til seg i kjærleiken. Påsken syner oss ein Herre og ein Gud som er større enn våre svik og nederlag. So har vi ingen blankofullmakt til å synda, men vi har ein nådig Gud som bed oss ta imot. Ta imot trua. Ta imot meg. Ta imot det nye livet eg har å gje deg.

Korleis kan eg ta imot trua? Kva er det å tru? Dei som levde på Jesu tid flokka seg om han, dei ville sjå han, dei ville høyre han. Dei ville at han skulle ta på borna deira og velsigna dei. Dei kom av di dei hadde høyrte at han var venn med syndarar, og hadde makt til å gjere store under, ja leke sjuke. Dei kom til ein som hadde noko stort å by dei. Dei kom for å ta imot, og i det låg trua deira.

Ver velkomen til gudstenestene våre denne påsken. Kom og ta imot den glade bodskapen.

**GOD PÅSKE!**  
Helsing Edvard Bø

## ORGELNEMNDA OPPLØYST ETTER AVSLUTTA ARBEID

Fredag 18.mars heldt orgel-nemnda avsluttande møte i Eidsland kapell. Orgelet er no heilt ferdig med tilbygd subbass. Det er og ferdig betalt. Det vart til slutt eit lite overskot som er overført til Stamnes sokneråd sin konto. I tillegg til dei fleste i nemnda, var konsulenten Olav Arne Steinkopf og tidlegare soknerådsleiar Eidrun Straume Normann med på møtet.

Det heile opna med ein minikonserter ved Olav Arne. Han spela litt forskjellig orgelmusikk alt frå norsk bryllaupsmars til vanleg koral og barokkmusikk. Orgelet synest å halda seg godt i den turre lufta. Olav Arne påpeika at på grunn av plasseringa eignar det seg godt til samspel med andre instrument eller songsolistar. Heile nemnda var godt nøgde med resultatet av orgelsaka.

Kvar av dei frammøtte fekk utlevert eit oppsett som viser den totale kostnaden med orgelet, kor mykje orgelnemnda har samla inn, og kva Vaksdal kyrkjelege fellesråd har ytt. Det er vel ingen kyrkjelyd i Vaksdal som har ytt prosentvis så mykje til nytt orgel som den på Eidsland.

På innviingskonserten 18. november i fjor kom det blomehelsing frå fellesrådet. Saman med blomane var det ei skriftleg helsing og takk til Stamnes sokneråd, orgelnemnda og Eidslendingane. Denne helsinga var mangfaldiggjort og utdelt til alle frammøtte.

Til dette siste møtet kom det og blomehelsing frå Stamnes sokneråd med helsing og takk for vel utført arbeid. Me takkar for helsinga!



*Orgelnemnda, på bilete frå 17. mai 2002. Frå venstre: Gunnar Eide, Marit Å Myster, Frank Møster, Arild Stamnes og Asbjørn Nese. Harald Neset var og med i nemnda.*

Me avslutta møtet med mat og kaffi og hyggeleg drøs kring bordet. Etter eit par timar saman oppløyste me orgelnemnda og drog heim kvar til sitt.

Til slutt vil me takka alle som har teke del i arbeidet for nytt orgel til Eidsland. Me trur dette er eit kvalitetsinstrument som Eidslendingane vil ha glede av i lang tid.

For orgelnemnda: Asbjørn Nese

## SOMMARLEIR PÅ WALLEMTUNET

No nærmar sommaren seg! Ja, det er slett ikkje for tidleg å planleggje den no. Særleg ikkje når det gjeld årets sommarleirar på Wallemtunet. Du er hermed invitert til desse populære leiane der mange kjem tilbake år etter år. Vi samlar born mellom 7 og 15 år frå store deler av fylket til mykje lek og moro. Fjellturar, fotball, sporløp og spanande kubbespelkampar er berre nokre av aktivitetane.

I fjor var Josef gjennomgangspersonen på leirane, og i den samanhengen øvde vi inn ein musikal som seinare vart framført for foreldre og andre tidleg på hausten. I år skal det handle om Sakkeus, og leirtreffet vert søndag 20. august.

Å reise på leir er spanande. Ein treff gamle og nye venner, finn på mykje moro saman, og

opplever mykje sosialt og åndeleg på kort tid. Vi veit at sommarleirane på Wallemtunet for mange er eit av dei store høgdepunkta i året. Leirstaden vår ligg i flotte naturomgjevnader på Kvamskogen. Årets leirsong er under planlegging, og vi har byrja gleda oss til å møte deg i sommar. Det er lagt opp til tre leirar. Tidspunktet for desse vert:

Leir 1: 23.-27. juni, 12-15 år

Leir 2: 27.-30. juni, 9-12 år

Leir 3: 30. juni-2. juli, 7-10 år

Det kan vera lurt å melde seg på tidleg, for vi har opplevd at det kan verte stor pågang. Ta kontakt med Bergens Søndagsskolekrets på tlf. 55312032, eller send ein e-post til [kretskontoret@bssk.no](mailto:kretskontoret@bssk.no)

Med vennleg helsing  
Bergens Søndagsskolekrets.

# Stanghelle gravplass vert utvida

*Fire entreprenørar har levert tilbod på arbeidet med utviding av Stanghelle gravplass. Dei siste rundane med finansiering og kontrahering av arbeidet er snart ferdig. Oppstart kan skje alt i siste veka av april.*

Stanghelle har den minste gravplassen i kommunen, med totalt 260 graver. Dei siste 20 åra har folketalet i bygda auka til om lag 750 personar. Dette krev ein gravplass med om lag 25 ledige graver, og i dag er det berre nokre få ledige graver att. Utviding av gravplassen på Stanghelle har vore sak sidan 1978.

Utvidinga er avgrensa av kommunale og private eigedomar, og av E16 og jernbana. Innanfor desse grensene har landskapsarkitekt Frode Pedersen utarbeidd planar for utvidinga. Utbygginga er delt i tre

område. Del A går ut på å heve den nedste delen av den eksisterande plassen, med ny støttemur mot vegen. Dermed får me retta opp rekkjene og lette drifta. Dette vil frigjere om lag 20 graver for ny gravlegging, ved omregulering av festa graver.

Del B tek for seg den nye øvre delen, som ligg oppom steinmuren. Del C vert den største delen av utvidinga, med ny hovudinngang til gravplassen. Til saman vil utvidinga gje 110 – 120 nye graver, der dei fleste kan nyttast til gravlegging i to nivå.

Planar og teikningar av utvidinga kan sjåast på kyrkjekontoret.

## **Kunngjering:**

### Flytting av gravsteinar på Stanghelle kyrkjegard (mellombels)

Grunna utviding av gravplassen på Stanghelle må gravsteinane flyttast bort for ein periode. Anleggsarbeidet vil gå føre seg i mai, juni og juli. Gravsteinar og soklar vert tekne opp, og flytta til ein mellombels lagringsplass. Etter at arbeidet med utvidinga er ferdig, vert dei sette på plass att for vår rekning. Ein gjer merksam på at det samstundes vil verte gjort ei mindre regulering av plasseringa av gravene.

Dersom ein til dømes ynskjer å pusse opp gravsteinen, føre på skrift, eller gjere andre endringar, må ein gje melding til kyrkjevevja snarast råd, av di det kan vere vanskeleg å hente fram gravminnet når det er sett bort for lagring.

Kyrkjekontoret sender brev med informasjon til alle som er festarar til graver på Stanghelle gravplass, så langt festarane er kjente. Spørsmål om framdrifta kan rettast til kyrkjevevja.

### Stenging av Stanghelle gravplass.

Stanghelle gravplass vil i periodar i mai, juni og juli verte stengt for vitjande, grunna anleggsarbeid. Eventuelle gravferder som måtte koma vert vurderte i kvart høve, med omsyn til korleis ein gjennomfører seremonien.

Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret tlf 56 59 30 20 for å få svar på spørsmål om dette. Meir informasjon vil følgje i lokalpressa og ved oppslag.

Kyrkjevevja.

# VING PÅ DALE

I førre månad starta Ving-arbeid opp i Dale bedehus, for fyrste gong i historia. Ving er eit tilbod for dei som er i aldersgruppa 10-13 år (4.-7 klasse), og legg opp til samlingar med variert innhald. Andakt og song høyrer med på møta, det same gjer noko å bite i. Spel og konkurransar vert det ein del av, andre aktivitetar og turar finn og plass

på programmet. Samlingane er anna kvar fredag kl. 16.30 – 21.00.

Ving på Dale er eit samarbeid mellom Dale Indremisjon og Dale Kyrkjelydsutval.

**Datoar fram til sommaren:** 21. april, 5. mai, 19. mai (tur med bowling og pizza), 2. juni og 16. juni (tur med grilling).



***VING** vart opna med snorklypping, og det vart Karolina Bjørnberg som vart trekt ut til å få det litt høgtidelege oppdraget.*

## YNGRES OG VING I ANDRE BYGDER OG!

I fjor byrja Yngres på **Vaksdal** bedehus, og dei har samlingar anna kvar onsdag kl. 18.30 – 20.00. Dei to siste samlingane før sommaren er 19. april og 3. mai.

På **Stamnes** er det VING på bedehuset somme fredagskveldar. Sjå oppslag.

På **Stanghelle** er det VING anna kvar onsdag. Siste samling før sommaren vert 26. april.

# KANTORANE ER VIGSLA

Sundag 19. februar var det ei flott og høgtideleg vigslingsgudsteneste i Bergen Domkyrkje.



*Våre to kantorar under forbønshandlinga. Forbedarane deira er frå venstre Tove Margrete Nordmark, Odd Steinkopf, Kristin Bildøy Boge, Frode Kvamsøe, Åshild Rene og Ole Strøm.*

Foto: Jan M Lillebø / Bergens Tidende

Frå 1999 har det vore slik at nyutdanna kantorar vert vigsla når dei byrjar i teneste. Dei som alt stod i teneste som kantorar då ordninga kom (1998), kan velja om dei ynskjer vigsling. Biskopen i Bjørgvin inviterte i haust kyrkjemusikarane i Bjørgvin til ei fellesvigsling.

Sundag 19. februar var det ei flott og høgtideleg vigslingsgudsteneste i Bergen Domkyrkje. 10 kantorar frå Bjørgvin bispedøme og ein frå Stavanger bispedøme vart vigsla til vidare teneste som kantorar ved denne vigslinga. Denne hendinga er viktig ikkje berre for kvar einskild som vart vigsla denne dagen, men og for Bjørgvin bispedøme og kyrkjemusikken i det heile.

Dei to kantorane i Vaksdal, Olav Arne og Tone Synnøve Øygard Steinkopf, var

mellom dei som vart vigsla. Songarar frå Kilden var med i felleskoret som var sett saman til dette høve. I tillegg hadde somme av Vaksdal sine innbyggjarar funne vegen til Domkyrkja. Eit samansett kor med barn og unge deltok, og det var i det heile - naturleg nok - mykje song og musikk i gudstenesta. I tillegg til det løftet kantorane gav, og den forbøna dei fekk ved denne vigslinga, fekk dei òg i fellesskap løfta fram gudstenesta, kyrkjemusikken og den kyrkjemusikalske tenesta på ein særskild måte.

Biskop Ole D. Hagesæther leia gudstenesta, og han hadde med seg prostar og prestar frå dei prostia og prestegjelda dei vigsla kantorane gjer teneste i. Etter gudstenesta inviterte bispedømerådet til ein enkel kyrkjekaffi i Terminus Hall.

# TO PÅ UNGDOMSTINGET

*To ungdomar til å representera kyrkjelydane våre på Ungdomstinget som vart halde i Fana kyrkje 11. mars, Elisabeth Tveit og Njål Nordmark frå Vaksdal. Dei sit i konfirmantnemnda for Vaksdal sokn og for KUL.*

## **Kva er Ungdomstinget?**

Det er ein samling av ungdomar frå dei ulike kyrkjelydane i bispedømet vårt. Dei skal velje Ungdomsråd, og drøfte ungdomssaker som er viktige for kyrkja. Det er ein fin måte for ungdom å påverke kyrkja. I samband med det årlege kyrkjemøtet vil dei valde ungdomsråda frå heile landet, møtast til Ungdomens kyrkjemøte. Ungdomstinget i Bjørgvin er tre år gamalt.

## **Korleis var opplegget på Ungdomstinget?**

- Det var bra, kjem det spontant frå Elisabeth. Det varte ein heil laurdag og starta med Innleiing og andakt ved Biskopen. Så vart me delte i grupper for å førebu spørsmål til biskopen sin spørjetime. Ingen spørsmål var "dumme". Tema var om gudstenesta. So vart det halde eit artig foredrag om gudstenesta av ein kantor, om musikk og moglegheiter. Programmet gjekk over til sjølve ungdomstinget med val av ungdomsråd, der me òg drøfta oppgåver for ungdomsrådet den komande perioden. Her drøfta me svar på utfordringa om kva ein skal gjere for å få fleire ungdomar med på gudstenesta. Ein vil leggje til rette for ei til to faste gudstenester i året, av og med ungdomar. Dei kan gjerne vere i samarbeid med nabokyrkjelydar. Programmet held fram med ulike seminar. Njål og Elisabeth valde eit leiarseminar. Så var det ein god middag, før programmet vart avslutta med ei gudsteneste, sjølv sagt. Dei som ville kunne avslutte dagen med nattcafé.

Njål: - Eg opplevde at det var ei god stemning på Ungdomstinget, sjølv om mange ikkje kjende kvarandre frå før.

## **Kva utbytte hadde de av å vere der?**

Elisabeth: - Eg fekk lære ting om gudstenesta eg ikkje hadde tenkt på før. Dessutan er det godt å høyre andre ungdomar tenkje likt som en sjølv.

Njål: - Det er positivt å få del i eit fellesskap som er større enn kyrkjelyden heime. Det gjer at ein kan sjå ting i eit meir heilskapleg perspektiv. Ein får lære om korleis andre gjer ting, kva som funker og ikkje funker.

## **Kva er ungdomane i bispedømet opptekne av?**

At nokre deler av gudstenesta kunne vore "kulare". Få vekk noko av det som verker tregt. Dei ynskjer å føle at kyrkja kan vere ein stad eg kan gå, at eg får lyst til å gå, og at andre folk i kyrkja har lyst at eg skal koma.

## **Er det noko de tenkjer at ein kan ta med heim til kyrkjene i Vaksdal?**

Elisabeth: - Mykje er bra allereie. Eg har eit ynskje om at ungdomane kunne få sjå meir av det støtteapparatet som allereie ligg der, i kyrkja vår.

Njål: Dialog er viktig. Eg trur òg at prestane kunne fått ein dialog knytt til innhaldet i preika. At dei då betre kunne seie noko til dei spørsmåla som folk generelt strir med.



*Njål Nordmark og biskop Hagesæther*

*Foto: Rune Sævig / Bergens Tidende*

## **Kven bør fellesrådet sende til Ungdomstinget?**

Njål: Representantar frå heile kommunen, og betre spreing i alder. Representantane kan vere mellom 18 og 30 år.

Elisabeth: Det viktigaste er at representanten ser at ungdomane i bispedømet har ei stor oppgåve. At dei brenn for ungdomsarbeidet, og skjønner at det betyr mykje å delta i dei store samhengane og.

## **Er det vanskeleg for ungdomane å bli høyrte lokalt? Må ungdomar gjere noko sjølve for å få meir plass i gudsteneste og kyrkjeliv?**

Njål: Du er nøydt til å ta initiativ sjølv. Eg føler ikkje for eigen del at det er vanskeleg å verte høyrte. Prestane og kantorane i Vaksdal er veldig opne for innspel. Men det er noko med å få til den gode dialogen, ungdomane og kyrkja sine representantar må søkje mot kvarandre. Eg opplever at potensialet blant ungdomane i dag er stort. Elles har eg lyst til å seie dette om gudstenestene. Om dei er laga av ungdomar skal det likevel vere for alle. Om dei er av dei vaksne skal dei òg kunne inkludere ungdom. Alle har mykje å tilføre til fellesskapen i kyrkjelyden.

Kapellan Edvard Bø



## ALLE TIDERS SALMAR



*Til venstre:  
Frå  
Vaksdal kyrkje*

*Nedst:  
Frå  
Dale kyrkje*

Salmar var innhaldet i konfirmantarbeidet tidlegare i vinter. Prosjektet hadde namnet Alle tiders salmar, og munna ut i to konsertar på Vaksdal og Dale andre sundagen i februar. Det vart laga til eit prosjektkor der konfirmantane og songkoret Kilden var med. I tillegg til solistar i koret medverka Synne Laastad Dyvik. I orkesteret fann ein konfirmantane Adrian, Viljar og Silje Annie. Dei fekk god hjelp av dei profesjonelle musikarane: Per Jørgensen, Tommy Kristiansen, Ivar Kolve, Zhou Huilin og Zhang Zhulian. Orkesteret vart leia av Olav Arne Steinkopf.

14 salmar vart sunge, heilt eller delvis, og i tillegg var det dans og dramatisering

til somme av dei. På veggene kunne ein sjå på bilete undervegs, eller finne teksten på dei tre fellessalmane.

Eit oppslag i Bergens Tidende frå førebuingane på konsertdagen fekk ein del merksemd i ettertid. Årsaka var ei heller negativ vinkling av prosjektet, samt uttale frå somme konfirmantar. Både konfirmantar og andre reagerte, noko som resulterte mellom anna i lesarbrev både i Bergens Tidende og Vaksdal Posten. Sjølv om førebuingane var lange og krevjande, sette likevel dei aller fleste konfirmantane pris på resultatet: To flotte konsertar, og ei oppleving som berre kjem denne eine gongen i livet!



# HVA KAN DU FORVENTE I SKOLEN?

Kristin Gunleiksrud, rådgiver IKO

Hva får elevene med seg av bibelfortellinger på skolen? Hvor mye lærer de om kristendommen? Kan man tenke at "dette tar skolen seg av" når det gjelder å la barna høre bibelfortellinger og lignende? Svaret er enkelt. Skolens undervisning er ikke og skal ikke være dåpsopplæring. Men det har vært det. Fra skolen ble startet i 1739 til 1969 var skolens kristendomsundervisning faktisk dåpsopplæring. Det vil si at skolen ga barna den opplæring i kristen tro og tradisjon som er ment å skulle følge av dåpen. Etter hvert var det mulig å bli fritatt fra kristendomsfaget dersom foreldrene ikke var medlemmer i Den norske kirke. De som var fritatt kunne få alternative opplegg, som for eksempel livssynskunnskap.

I 1969 vedtok Stortinget en ny lov for grunnskolen. I forbindelse med dette arbeidet sa Stortinget at skolens undervisning i kristendom ikke lenger skulle regnes som kirkens dåpsopplæring. Likevel fortsatte det meste som før, helt til KRL-faget (Kristendoms-, religions- og livssynskunnskap) kom i 1997. I KRL-faget skal elevene lære om flere religioner og livssyn, ikke bare sitt eget. Faget er et ordinært skolefag, som skal kunne samle alle. Eleven har rett til et begrenset fritak fra aktiviteter som oppleves som utøvelse av eller tilslutning til annen religion eller som oppleves som krenkende.

Det fremgår tydelig av læreplanen at elevene ikke skal lære **å tro**. Stortinget har da også uttalt med all mulig tydelighet at det ikke skal drives trosopplæring i skolen.

Foreldre kan ikke forvente at skolen på noen måte skal ivareta denne trosopplæringen. Tvert imot: Dersom det drives trosopplæring i skolen, er dette i strid med lov og læreplan. Det elevene lærer om kristendommen og om kirken, er derfor ikke trosopplæring.

Det er foreldrene som har ansvar for og frihet til å sørge for sitt barns religiøse og moralske oppdragelse, i samsvar med sin egen overbevisning. Dette er slått fast i artikkel 18 i FN-konvensjonen om sivile og politiske rettigheter.

Innholdet i KRL-faget er annerledes enn det gamle kristendomsfaget. Nå skal elevene lære om alle verdensreligionene, og de skal lære om både etikk og filosofi. Det skal legges vekt på fortellinger og på den estetiske dimensjonen. Det vil si at elevene skal lære både om arkitektur, musikk og billedkunst ved de ulike religionene.

Som foreldre kan man ikke lenger tenke at opplæring i kristendommen, det tar skolen seg av. Vel får de en del kunnskaper om kristendommen, men ikke slik som det ble gitt tidligere. Etter at Stortinget bestemte at skolen ikke lenger skulle gi dåpsopplæring eller trosopplæring, har kirken arbeidet med å utvide sin egen dåpsopplæring.

## Dette kan du forvente i KRL-faget:

- At barnet ditt lærer om ulike religioner og livssyn, men ikke like mye om alle.
- At de ulike religioner og livssyn presenteres ut fra sin egenart.
- At undervisningen ikke skal være forkynnende.
- At ditt barns tro eller livssyn møtes med respekt.
- At barnet ditt lærer noen sentrale fortellinger fra Bibelen.
- At barnet ditt lærer noen sentrale apostel- og helgenfortellinger.
- At barnet ditt får være med og snakke om viktige etiske og moralske spørsmål.
- At barnet ditt får fritak fra bestemte aktiviteter, som for eksempel skolegudstjeneste eller det å fremsi trosbekjennelse fra ulike religioner.
- At du får god informasjon fra skolen, og at det er et løpende samarbeid mellom hjem og skole.

## Nytt kor på Stanghelle! **STANGHELLE BARNESONGKOR**



Stanghelle barnesongkor starta opp novmber 2005 med øvingar annakvar tysdag på Stanghelle bedehus. Etterkvart har koret byrja å finne ei form. Stanghelle barnesongkor har delteke med song på gudsteneste og på familiemøte på Stanghelle bedehus.

Vidare i vår skal dei vere med på Tomasmesse i Dale kyrkje. Tone Synnøve Øygard Steinkopf er dirigent medan Olav Arne Steinkopf er pianist. Koret er eit tilbod til born frå 4. klasse og

oppover. Øvingane er ca kl 14.15 eller rett etter skuleslutt. Ein har eit variert repertoar, der ein syng alt frå kyrkjemusikk til Bjørn Eidsvåg. Koret er eit tilbod til dei som likar å syngje og har lyst til å lære meir.

Ansvarleg for koret er Vaksdal kyrkjelege fellesråd og Stanghelle Indremisjon i samarbeid.

Interesserte kan ta kontakt med Tone Synnøve Øygard Steinkopf på telefon: 56595625/90041393.



## **UNG MESSE MED KONFIRMANTANE**

Sundag 26. mars var dagen for dette årets konfirmantar si Ung Messe. Det vil seie: Konfirmantane frå Vaksdal, Dale og Bergsdalen var med. I Eksingedalen og på Eidsland er konfirmantane med på andre opplegg.

Mykje av gudstenesta var songar og dansar som var med i Alle tiders salmar. I tillegg øvde ei gruppe inn dans til Herrens bøn i engelskspråkleg drakt, og somme var med på dramatisering av preika.

## FIN BASAR I BERGSDALEN

Omlag 45 personar var samla til basar i kyrkjekjellaren på laurdag, på ein årets finaste dagar, så langt. Som vanleg kom det inn kr 6000,- til misjonsarbeidet. "Som vanleg", for dei sel to rundar med årer, og når så alle årene vert selde, kjem det inn 3000,- pr runde.

Det var gevinstar frå DoN (genser), BKK, Jernia, MIXen på Dale, Handelsen, Trygg Trafikk og Vegvesenet. Og eit naturbilete av Sveinung Klyve, ferdig innramma (ein slik gevinst er i ferd med å bli tradisjon på desse basarane). I tillegg har einskildpersonar gjeve

gåver, og nokre varer frå Nepal var kjøpt inn.

Frode Kvamsøe synte mellom anna bilete frå heimesida til Kjartan og Elisabeth Gullbrå, inkludert litt fakta om Nepal og Tibetmisjonen. Han sa han skulle syne bilete frå fjellandet Nepal, men det kom fram nokre bilete frå fjellbygda Bergsdalen i staden... For det var jo 1. april og alt mogleg!

På matfronten sto brødskiver og kaker på menyen, og i tillegg Bergsdalsvarianten av ein nepalesisk risrett med rosiner.



*Per Småbrekke og Berit Pettersen få Kyrkjelydsutvalet held orden på tal og gevinstar, mens borna føl nøye med på årene sine*

## SAMANSLÅING I INDREMISJONEN

Indremisjonsforeiningane på Dale og Stanghelle vert slått saman. Grunnen til at ideen om samanslåing av foreiningane vart teke opp, er at me er få medlemmar begge stader, og mange av medlemmane er godt opp i åra. Me fann ut at det ville styrka oss å samarbeida tettare. Det ville også vera lettare å få nok folk i styre og stell med ei samanslåing.

Årsmøta i foreiningane har gått inn for samanslåinga. Ei nemnd har så arbeidd vidare med planane, mellom anna med lovar og liknande. Planen vidare er ei felles styrehandsaming og til sist eit ekstra årsmøte for å få det heile i boks.

Ragnvald Kringlebotten

## RETTING AV NAMN PÅ 50 ÅRS KONFIRMANTAR I VAKSDAL KYRKJE



Det var diverre nokre feil i namnelista under biletet i julenummeret av kyrkjebladet. Slik skal dei rette namna vera:

### Bak frå venstre:

Arvid Magnussen, Anders Thomassen, Malvin Birkeland, Fredrik Thomassen, Terje Thom, Rolf Davidsen, Johnny Magnussen og Odd Kåre Magnussen.

### Framme frå venstre:

Gjertrud Olsnes Hauge, Anne Marie Nilsen Bruvik, Johanne Marie Eide, Karin Thomassen Brekken

## FELLES HØGTIDSGUDSTENESTE 1. PÅSKEDAG I VAKSDAL KYRKJE

**Fyrste påskedag** vert det igjen felles høgtidsgudsteneste for Vaksdal, Dale og Stamnes sokn. Denne gongen er den i Vaksdal kyrkje. Det er fint å kunne samlast på ein slik måte til ei feiring av Jesu oppstode. Me ynskjer å fylle gudstenesta med mykje song og musikk, og utfordrar her alle som har lyst til å vere med

i forsongarkoret. Me møtest kl. 09.45 for ein times øving og gjennomgang av det som koret er med på. Repertoaret inneheld ein bibelsk salme, fullstendig gloria, nokre diskantar m.m. ettersom tida strekk til. Me satsar på god oppslutning denne dagen så det kan verte ei skikkeleg festgudsteneste.

## ORGELRESITASJONAR I PÅSKA

I påska har ein høve til å få med seg orgeltonar som ei innleiing til nokre av gudstenestene. Det vert ein liten "konsert" der programmet vil vere prega av pasjonstida. Resitasjonane byrjar ein halv time før gudstenestene.

Det vert orgelresitasjon i:

**Stamnes kyrkje** Skjærtorsdag kl.16.30 ved kantor Tone Synnøve Øygard Steinkopf

**Vaksdal kyrkje** Langfredag kl.10.30 ved kantor Olav Arne Steinkopf

**Eidsland kapell** Langfredag kl.19.30 ved organist Asbjørn Nese

### BLADPENGAR FOR 2006

Det er tid for å minna om bladpengar for Kyrkjebladet for Vaksdal.

Inne i bladet er det ein giroblankett som kan nyttast. Bladet blir sendt til alle husstandar i Vaksdal prestegjeld og til nokre einskilde abonnentar utanom. Det er frivillig om ein vil betala, men vi vonar sjølvstakt at flest mogleg vil støtta opp om kyrkjebladet vårt. Aukte kostnader gjer at me har valt å auke prisen til kr 150,- Det er også høve til å gje ei gåve til bladet på same giroen.

**Vi seier takk til alle som på denne måten støttar opp om kyrkjebladet**



# VELKOMEN TIL KYRKJA

## VAKSDAL KYRKJE

**14.april- Langfredag**

**kl.10.30** Orgelresitasjon

**kl.11.** Pasjonsgudsteneste. Kvamsøe.

**16.april – 1.påskedag kl.11.00**

Felles høgtidsgudsteneste for Dale, Vaksdal og Stamnes. Bø. Nattverd. Offer til Normisjon. Forsongarkor øver frå kl.9.45.

**1.mai kl.9.30** Høgmesse. Kvamsøe. Offer til Kristne Arbeideres Forbund

**7.mai kl.11.00** Konfirmasjonsgudsteneste. Bø. Offer til Barne- og Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

**17.mai kl.10.00** Høgmesse. Offer til IKO – Kirkelig pedagogisk senter.

**28.mai kl.18.00** Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Sjømannskirken.

**4.juni – 1.pinsedag kl.11.00**

**Sjå Dale kyrkje!**

**5.juni – 2.pinsedag kl.12.00**

Fitjavassstemna. Aase.

**11.juni kl. 11.00** Høgmesse. Bø.

Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeid.

## DALE KYRKJE

**9.april kl.11.00** Høgmesse. Kvamsøe. Offer til UNHCR flyktningehjelp.

**13.april kl.20.00** Nattverdsgudsteneste. Bø. Offer til De fire Diakoni-nstusjonene.

**16.april 1.Påskedag kl. 11.00**

**Sjå Vaksdal kyrkje!**

**1.mai kl.11.00** Høgmesse. Kvamsøe. Offer til Kristne arbeideres Forbund.

**7.mai kl.11.00** Konfirmasjonsgudsteneste. Kvamsøe. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**17.mai kl.10.30** Høgmesse. Bø. Offer til Menneskeverd.

**21.mai kl.18.00** Tomasmesse. Bø. Nattverd. Offer til GÅ UT-senteret.

**4.juni – 1.Pinsedag kl.11.00**

Felles høgtidsgudsteneste for Dale, Vaksdal og Stamnes. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Evangeliesenteret.

## STANGHELLE BEDEHUS

**23.april kl.16.00** Familiegudsteneste. Bø. Offer til Norges Speiderforbund.

## BERGSDALEN KYRKJE

**9.april – Palmesøndag kl.12.30**

Sportsandakt i Bergsøyane. Kvamsøe.

**16.april – 1.Påskedag kl.20.00**

Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.

**28.mai kl.11.00** Konfirmasjonsgudsteneste. Kvamsøe. Offer til Fagertun leirstad.

**4.juni 1.pinsedag kl.20.00** Høgtidsgudsteneste. Bø. Nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

## STAMNES KYRKJE

**13.april – Skjærtorsdag**

**kl.16.30** Orgelresitasjon

**kl.17.00** Nattverdsgudsteneste. Bø. Offer til Fagertun leirstad.

**16.april -1.Påskedag kl. 11.00**

**Sjå Vaksdal kyrkje!**

**23.april kl.11.00** Høgmesse. Bø. Nattverd. Offer til Norsk Luthersk Misjonssamband.

**14.mai kl.11.00** Høgmesse. Bø. Nattverd. Offer til Søndagsskolen på Straume.

**17.mai kl.12.30** Familiegudsteneste. Bø. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**25.mai - Helgetorsdag kl.12.00:**

**Vassbakken-stemna.** Ved Vikavatnet, Stamnes Følg skilt mot Hesjedalen. Høgmesse. Kvamsøe.

**28.mai kl.11.** Lekmannsgudsteneste.

**4.juni – 1.pinsedag kl. 11.00**

**Sjå Dale kyrkje!**

**11.juni kl.11.00** Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Sjømannskyrkje.

## EIDSLAND KAPELL

**14.april – Langfredag**

**kl.19.30** Orgelresitasjon.

**kl.20.00** Pasjonsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Fagertun leirstad.

**30.april kl.11.00**

Konfirmasjonsgudsteneste. Kvamsøe. Offer til konfirmantarbeid.

**17.mai kl.12.30** Familiegudsteneste. Offer til kyrkjelydsarbeid.

## EKSINGEDALEN KYRKJE

**13.april - Skjærtorsdag kl.11.00**

Nattverdsgudsteneste. Kvamsøe. Offer til Kirkens Nødhjelp.

**14.mai kl.15.00** Høgmesse. Bø. Nattverd. Offer til Fagertun leirstad.

**4.juni - 1.pinsedag kl.11.00**

Konfirmasjonsgudsteneste. Bø. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

## NESHEIM KYRKJE

**9.april – Palmesøndag kl.11.** Familiegudsteneste. Bø. Offer til Kirkens Nødhjelp.

**16.april – 1.påskedag kl.11.00**

Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Fagertun leirstad.

**21.mai kl.11.00** Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Misjonsprosjektet.

Returadresse: Kyrkjeblad for Vaksdal  
Postboks 113  
5721 Dalekvam

# Slekters gang

## DØYPTE

### VAKSDAL

- 08.01 Tina Frotveit
- 22.01 Aurora Netland Magnussen
- 22.01 Sondre Herfindal Nilsen
- 05.02 Anna Boge Moe
- 19.03 Thomas Haugland-Lindholm
- 19.03 Sunniva Faugstad
- 29.01 Sean Martin Rohde,  
døpt i Trengereid kapell
- 12.02 Viktoria Langhelle Flotve,  
døpt i Arna kyrkje

### DALE

- 11.12 Nora Helle, døpt i Gjerstad kyrkje
- 15.01 Jonas Berntsen
- 15.01 Sander Farestveit
- 15.01 Maren Boge Fotland
- 15.01 Linea Marie Bruvik

### STAMNES

- 15.01 Nicholas André Kristensen Kvamme
- 05.02 Fredrikke Friberg Gullbrå

### EIDSLAND

- 26.02 Gabriel Straume Bah

### EKSINGEDALEN

- 24.12 Håkon Nordheim

## AVLIDNE

### VAKSDAL

- 18.12 Martha Hermundsdal, f.1911
- 20.12 Otto Jakob Rørvik, f.1930
- 01.01 Edvard Hermundsdal, f.1915
- 10.01 Anne Helene Herfindal, f.1925
- 03.02 John Jacobsen, f.1928
- 04.03 Karsten Audestad, f.1927
- 20.03 Brynhild Magnussen, f. 1921

### DALE

- 02.01 Reidar Laastad, f.1923
- 12.01 Leif Rolland, f.1917
- 20.01 Signe Helle, f.1922
- 11.03 Kjærlaug Sæterdal, f.1918

### STAMNES

- 25.12 Oliva Malfrida Nancy Straume, f.1921
- 08.01 Markvard Dyvik, f.1921
- 20.01 Ingvald Johan Fyllingslid, f.1913
- 03.02 Marta Klausen, f. 1917
- 24.02 Atle Tysse, f.1930

### NESHEIM

- 23.03 Lars Ekse, f.1930

## "*Dei bygde draumen*"

Bergsdalen Kyrkjelydsutval ynskjer kontakt med dei som har kjøpt boka "Dei bygde draumen". Det viser seg at nokre av desse bøkene har ein produksjonsfeil som kan vise seg ved at omslaget, framsida, bøyer seg opp litt når boka ligg.

Etter avtale med trykkeriet kan dei utgåvene som har feil, reparerast enkelt. Difor vil me prøve å kome i kontakt med dei som har kjøpt boka, og gje dei tilbod om å reparere den. Nokre kan ha skrive helsingar i boka, og då må ein hugse at innsida av omslaget vert dekt med eit nytt. Bøkene kan leverast inn på kyrkjekontoret på Dale eller på Voss, helst innan påske. Om nokon har spørsmål, kan ein ta kontakt med kyrkjekontoret på Dale, tlf 56 59 39 20. Og til dei som ikkje har fått kjøpt boka enno: Bøkene er komne i sal att.

**KORKONSERT  
I DALE KYRKJE  
Laurdag 20.mai**  
I samband med  
Hordaland Korforbund  
sitt songarstemne på Dale

**GOSPELNIGHT  
I DALE KYRKJE  
Fredag 9.juni**

**"MOZART FOR ORGEL"  
KONSERT  
I DALE KYRKJE  
Laurdag 10.juni  
Kantorane Steinkopf**